

BAKSIDA

TIPS OSS! **916 20 916**

nordhordland.no

Send gjerne bilde, tekst og video frå der du er. E-post: redaksjonen@nordhordland.no

Tlf: **56 35 55 55** Tipstelefon: **916 20 916**. SMS/MMS: **NHTIPS til 2005**

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.

10. klassingane lærte om personleg økonomi og gjeldsproblematikk

Skal unngå luksusfella



FEIRA PROSJEKTLUTT: Desse jentene er godt fornøgd med å lære om personleg økonomi. Frå venstre: Julie Ibsen, Maren Sofie Larsen, Ida Samuelsen og Michelle Gripsgård.

- Personleg økonomi gir meining no.

INNSENDT: MARGRETHE MYRMEHL GUDBRANDSEN kommunikasjonsrådgjevar, Vest politidistrikt

Det sa 10. klassinger i Meland, under avslutninga for gjeldsordningsprosjektet som dei har på skulen.

Meland kommune saman med lensmannen i Nordhordland er dei einaste i landet som tilbyr skulelever eit slikt gjeldsprosjekt som skal ruste dei unge til å bli betre på personleg økonomi og unngå unødvendig kontakt med namsmannen.

Del av fagplan

Gjeldsprosjektet starta som eit samarbeidsprosjekt mellom namsmannen i Nordhordland og Meland kommune hausten 2005. Prosjektet er lagt inn i ungdomskulane sin fagplan. Namsmannen bidreg med to ti-

mer undervisning med tema «Kva er betalingsproblem, kva skjer når vi ikkje betalar rekningsvåre, korleis unngå betalingsproblem og kva kan du gjere viss du får betalingsproblem».

Tanken er at prosjektet skal utgjere ein forskjell på privatøkonomien når dei ungen etter kvart skal styre økonomien sjølv. I tillegg til kommunen og namsmannen, er også Nav inne med undervisning.

Einaste i landet

Meland kommune er åleine i landet om å tilby undervisning i personleg økonomi i samarbeid med andre etatar. Personleg økonomi er også eit tema som elevane kan komme opp i eksamen anten i matematikk eller samfunnsfag. Prosjektet har no pågått i elleve år sidan 2005.

- Vi har ingen statistikk på om dette hjelper, men vi er overtydd om at dette gjer ein

forskjell, seier Tommy Lund Håheim, namsmannen i Nordhordland.

Han meiner også at dette er eit tema som elevar over heile landet burde få undervisning i. Det er også elevene som har vore med på prosjektet samde i.

- Gjeld, inkasso, kreditt var før berre ord. Etter dette undervisningsopplegget så gir no desse orda meining for oss, seier Julie Ibsen, elev ved Meland ungdomsskole.

- Vi tenker meir på korleis vi brukar penger, og ikkje minst på korleis ting kan komme ut av kontroll. Denne undervisninga burde alle unge få, legger med-elev Maren Sofie Larsen til.

Markering

Vel gjennomført gjeldsprosjekt blei markert skikkeleg med framvisning av prosjektoppgåvane. Korleis unngå luksus-smellen blei framført på mange vis gjennom dikt, film, sang og



STÅR BAK: Fleire kommunar bør tilby undervisning i personleg økonomi til unge, meiner denne samarbeidande kvartetten. Frå venstre: Helge Kvam (Meland kommune), Svein Arne Hatlevik (politikontakt i Meland), Tommy Lund Håheim (namsmannen i Nordhordland lensmannsdistrikt) og Stian Lavik (nestleiar for utval for levekår i Meland kommune).

musikkvideoar, alle med ein humoristisk vri, der det beste bidraget vil bli kåra av ein jury.

Alle elevane fekk også utdelt eit diplom av politikontakt i Meland kommune Svein Arne Hatlevik.

- De er så utruleg heldige som får dette undervisningsopplegget. De er dei einaste i landet, hittil, som får ei slik opplæring. Dette vil påvirke ditt liv.

De er heldige fordi de no står betre rusta til å unngå uheldige konsekvensar når det gjeld personleg økonomi. Det er ikkje noko kjekt å komme så langt at namsmannen må inn i bildet.

Dette er verkeleg forebygging i praksis og hjelper dykk til å få gode haldninger. Husk, du er sjef i ditt eige liv. Ta kloke val. Dette vil påvirke ditt liv.